



## Notat

Dato: 13.02.2017  
Arkivsak: 2015/5010-4  
Saksbehandlar: marhaa5

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Skulefrukost - bruk av midlar 2017

Fylkestinget vedtok i møte 13.12.2016 å utvide prøveordninga med skulefrukost, og 3.000.000 kroner vart øyremerka til ernæring i skulen. Midlane skulle prioriterast mot skular med låge inntakspoeng.

Fylkesrådmannen har kartlagt skular med låge inntakspoeng og låg gjennomføring, og midlane er lyst ut blant dei vidaregåande skulane i Hordaland med søknadsfrist 20. februar 2017. Skular med høgt tal på elevar med låge inntakspoeng og låg gjennomføring vil bli prioritert.

Per dags dato er det kome inn 11 søknader om midlar.

Vedlagt følgjer utlysingsteksten.